

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 11.07. 2012  
Frå: **Administrerende direktør**  
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**  
Saka gjeld: **Statens eierberetning 2011**

**Administrerende direktør si orientering pkt 1**  
**Styresak 086/12 O**

**Styremøte 05.09. 2012**

---

Nærings- og handelsdepartementet har publisert dokumentet "Statens eierberetning 2011". Dokumentet gir ein oversikt over det statlege eigarskapet, korleis eigarskapet blir forvalta og korleis selskapa utviklar seg. Dokumentet tar sikte på å bidra til auka kunnskap om departementa sitt arbeid med forvaltninga av eigarskapet og om dei enkelte selskap.

«Statens eierberetning 2011» omfattar to hovuddeler. Første del inneheld oversikter for året som har gått og artiklar knytt til det statlege eigarskapet. I andre del blir det gjort greie for dei ulike selskapa.

Selskapa er delt inn i fire kategoriar ut frå staten sitt mål med eigarskapet:

1. Selskap med forretningsmessige mål
2. Selskap med forretningsmessige mål og nasjonal forankring av hovudkontor
3. Selskap med forretningsmessige mål og andre spesifikt definerte mål
4. Selskap med sektorpolitiske mål

Inndelinga av selskapa er i samsvar med kategoriseringa av selskap med statlege eigardelar som blei gjort i Meld. St. 13 (2010-2011) – *Aktivt eierskap – norsk statlig eierskap i en global økonomi*.

Dei regionale helseføretaka er omtala på side 95 – 99.

I omtala av viktige hendingar i Helse Vest er det peikt på den kraftige aktivitetsveksten frå 2002 og fram til 2011, den positive utviklinga i ventetider, og at føretaksgruppa i 2011 var nær ved å nå målet om å kome ned i ei gjennomsnittleg ventetid på 65 dagar. Det er også vist til den auka satsinga på samhandlingstiltak både i helseføretaka og hjå private ideelle organisasjonar.

I tillegg er den positive økonomiske utviklinga trekt fram. Det er særleg peikt på at det er levert eit resultat godt over vedteke budsjett og i tråd med det resultatnivå som er nødvendig for å sikre investeringar.

«Statens eierberetning for 2011» og tidlegare utgåver av dokumentet er også tilgjengeleg på internett; [www.eierberetningen.no](http://www.eierberetningen.no).

Saman med «Statens eierberetning» har Helse vest også motteke dokumentet «Regjeringens eierpolitikk». Med denne publikasjonen ønskjer regjeringa å tydeleggjere kva mål og ambisjonar som ligg til grunn for det statlege eigarskapet og utøvinga av dette, samt å informere om kva rammer og prinsipp som er sentrale i eigarskapspolitikken.